

**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007, Dep  
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2008/00216-183	Boknr.:
Mottatt: 09 MAI 2008	AJR
Saksnr.: SEB/	Arkiv: 479
Kopi:	Avskr.:

Dykkar ref.  
Vår ref. LSBJournalp.ID 08/5410  
ArkivsakID 08/870  
Arkiv nr. N-000

Dato 06.05.2008

**MELDING OM VEDTAK****ENDRING I ODELSLOV, KONSESJONSLOV OG JORDLOV - BESTEMMELSE  
OM BU- OG DRIVEPLIKT M.M.**

Det er gjort vedtak i saka, slik det går fram av vedlagde utskrift av møteboka.

**KOMM.AVD. FOR NATUR - NÆRING OG TEKNISKE TENESTER**

---

*Lillian Straumøy Brakstad*  
Lillian Straumøy Brakstad  
Førstesekretær

Vedlegg

---

**Adresse**  
Postboks 79  
5906 Frekhaug**Telefon:**  
56 17 10 00**Telefaks:**  
56 17 10 01  
avd. 56 17 11 61**Bankkonto:**  
3632 07 00242  
**Bankkonto, skatt:****Heimeside:**  
[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
**Kartinformasjon:**

# MELAND KOMMUNE

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Utval for drift og utvikling	29.04.2008	TIB	032/08

<b>Avgjerd av:</b> Utval for drift og utvikling	<b>Ansv.</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksbeh.:</b> Tore Inge Bratteteig	JHB	N-000	08/870

### ENDRING I ODELSLOV, KONSESJONSLOV OG JORDLOV - BESTEMMELSE OM BU- OG DRIVEPLIKT M.M. HØYRING.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.02.2008	Landbruks- og matdepartementet	HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA - BESTEMMELSER OM BO- OG DRIVEPLIKT MM. HØYRING.

#### Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet foreslår:

- At avgjerd om buplikt etter odelslova i hovudsak vert flytt til konsesjonslova, og at avgjerd om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova vert flytt til jordlova.
- At buplikt skal inntreffe ved overtaking av eigedom som det er bygd på og som er over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog.
- At konsesjonsplikt skal inntreffe ved overtaking av eigedom som det er bygd på og er over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensa på 100 dekar totalareal vert som i dag.
- At kravet til odlingsjord vert 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.
- At det vert eit spørsmål om arealgrenser når det skal takast stilling til om det inntreff buplikt eller om det handlar om odlingsjord. Det vil sei at det verken etter konsesjonslova eller odelslova skal gjerast ei konkret vurdering av om eigdommen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift"
- At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søke konsesjon, dvs. at høvet til å søke fritak frå buplikta fell bort, og at det gis nærmare regler for konsesjonsvurdering i disse tilfella.
- At det gis nærmare regler for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.

- At buplikta berre kan oppfylles ved at eigaren registrerast i folkeregisteret som busett på eigedommen.
- At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overtaking, og vere varig.
- At slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.

Departementet ber også om synspunkt på:

- om det bør innførast buplikt i kommunen ved overtaking av utmarkseigedom.

Ut over det ovanfor nemnde inneheld høyringsnotatet forslag til endringar i forskriftsverket, bl.a. innføring av krav til kommunens si saksutgreiing ved prisvurdering etter konsesjonslova.

Departementet føreslår endring i forskrift om sakshandsaming ved priskontroll på landbrukseigedomar ved konsesjonshandsaming:

*I alle saker etter konsesjonsloven som gjelder søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttast til landbruksformål skal det i vedtaket vises til hvordan prisvurderingen er foretatt i forhold eiendomens enkelte deler. Dersom en på skjønnsmessig grunnlag er kommet fram til en annen pris enn den verdsettelesn av de enkelte deler tilsier, skal de hovedhensyn som har vert avgjørende for dette oppgis.*

Høringsdokument på 81 sider er lagt ut på:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Horinger.html?id=1994>

#### Trong for endringar.

Reglane om odelsrett, om konsesjonsplikt og om bu- og driveplikt er og har vore ein sentral del av landbrukslovgivinga i mange år og har innverknad for gjennomføring av landbrukspolitikken.

Landbruks og matdepartementet meiner at det er trong for:

1. større føreutseiing for private med omsyn til om det er buplikt på eigedomen eller ikkje.
2. ei meir effektiv og målretta innretning av bupolitikken, og
3. store forenklingar som også omfattar harmonisering mellom odelslov og konsesjonslov

#### **Vurdering:**

Administrasjonen har ingen merknad til at avgjerd om buplikt i hovudsak vert flytta til konsesjonslova, og at avgjerd om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova vert flytta til jordlova.

At buplikt skal inntreffe ved overtaking av eigedom som er over 25 daa dyrka mark (fulldyrka og overflatedyrka), eller over 350 daa produktiv skog vil medføre at ca. 60 % av eigedomane i Meland kommune vil få fritak for buplikta.

Dette vil medføre at mange fleire bruk enn i dag vil verta nytta til frittidseigedomar som administrasjonen meiner er uheldig. Det er spesielt arealgrensa på 350 daa produktiv skog som medfører ein sterk auke av bruk som får fritak. Administrasjonen meiner difor at denne arealgrensa for produktiv skog må liggje på 100 daa.

Administrasjonen har ingen merknad til arealgrensene på 25 daa (fulldyrka og overflatedyrka) og 100 daa total for konsesjonsplikt.

Kravet til odlingsjord på 25 daa jordbruksareal (fulldyrka og overflatedyrka) og 350 daa produktiv skog vil truleg medføre at over 60 % av eigedomane i Meland ikkje vil verte odlingsjord. Her og meiner administrasjonen at 100 daa produktiv skog må på vere arealgrensa.

Administrasjonen støttar at det berre skal vere arealgrensene som det skal takast stilling til om det inntreffer buplikt eller om det handlar om odlingsjord. At det ikkje vert trong for både etter konsesjonslov og odelslov å gjera ei konkret vurdering om eigedomen er ein "jord – og skogbrukseigedom" eller "kan knytast til landbruksdrift" er bra.

At fritak for buplikt fell bort og at den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, ser administrasjonen som positivt.

At buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren er registrert i folkeregisteret som busett på eigedomen vurderer administrasjonen som positivt.

At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overtaking, og vere varig er etter administrasjonen si meining positivt. Departementet må definere klart kva som ligg i " kan drivast lønsamt", elles vert dette ei ny inntektskjelde for advokatar.

I Meland kommune er utmarksteigane små og administrasjonen meiner at det ikkje bør innførast buplikt i kommunen ved overtaking av utmarkseigedomar.

Sakshandsaming vedk. priskontroll har administrasjonen ingen merknader til.

#### **ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering vedkomande høyringsuttale til endring i odelslov, konsesjonslov og bestemmelse om driveplikt m.m. og seier seg samd i denne."

29.04.2008 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

#### **UDU-032/08 SAMRØYSTES VEDTAK:**

"Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering vedkomande høyringsuttale til endring i odelslov, konsesjonslov og bestemmelse om driveplikt m.m. og seier seg samd i denne."

**Rett utskrift**

**Dato:** 06.05.08

*Lillian S. Brakstad*

**Kopi til:**

Landbruks- og matdepartementet